

Bredvatn kraftverk

Bremanger kommune, Sogn og Fjordane



Øvre Bredvatnet, foto: Gunnar Bjørlykke

Bredvatn kraftverk

Informasjon om søknad og konsekvensutgreiing
November 2013

Denne brosjyra er eit samandrag av innhaldet i konsesjonssøknaden som er sendt til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Sjølve søknaden finn du på SFE si heimeside, www.sfe.no, og NVE si heimeside, www.nve.no. Brosjyra vert distribuert til alle grunneigarar, husstandar og hytteigarar i området.

Om utbyggar

SFE Produksjon AS er eit offentleg aksjeselskap som er eigd av Sogn og Fjordane Fylkeskommune, BKK AS og 7 lokale kommunar. Selskapet driv 20 kraftverk med ein årleg middelproduksjon på 1850 GWh. SFE Produksjon har hovudkontor på Sandane i Gloppen. SFE Produksjon AS har utgreia moglegheitene for utbygging av Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane. Prosjektet ligg i Åskoravassdraget. SFE Produksjon

ynskjer å utvikle prosjektet som kan gje samfunnet tiltrengt ny, rein energi og samstundes bidra til auka lokal verdiskaping.

Prosjektet er eit utvidingsprosjekt i tilknyting til eksisterande Åskåra kraftverk og vil med små inngrep bidra med om lag 60 GWh ny fornybar produksjon.



Ålfoten

Tiltaksområdet

Tiltaksområdet ligg innerst i Ålfoten i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane, ca. 30 km aust for kommunesenteret Svelgen. Inntaket vil ligge like nord for Ålfotbreen og Ålfoten landskapsverneområde. Området er allereie påverka av vasskraftutbygging med kraftverka i Åskåra og Øksenelvane og tilhøyrande reguleringar og overføringar i fjellområdet mellom Ålfoten og Hyenfjorden.

Det går veg langs fjorden forbi Åskåra kraftverk til Øksenelvane og vidare opp på fjellet til dammen i Bjørndalen. Fleire kraftleidningar kryssar fjorden i tiltaksområdet og det går også ei kraftleidning frå Åskåra kraftverk vidare sørvestover mot Blåbrevatnet. Det går merka fotrute langs Åskorelva opp mot Ålfotbreen.




Foto: Gunnar Bjørlykke

Utbyggingsplanane

Det er to alternativ for inntak til Bredvatn kraftverk, i Øvre eller Nedre Bredvatn.

For alternativet med inntak i Øvre Bredvatn vil det bli etablert ein ca. 5 meter høg dam samt nokre mindre tersklar i utløpet av vatnet. Vatnet er planlagt regulert ca. 10 meter. For dette alternativet kan det enten bli inntak med tunnel i sørenden av vatnet, Øvre Bredvatn 1, eller inntak med sjakt i nordenden av vatnet, Øvre Bredvatn 2.

For alternativet med inntak i Nedre Bredvatn er det planlagt ein 1-2 meter høg dam og nokre mindre tersklar. Det er planlagt å regulere vatnet ca. 10 meter, og inntak med sjakt er plassert i nordenden av vatnet.

Inntaksalternativa Nedre Bredvatn og Øvre Bredvatn 2, som begge er planlagde med inntak via sjakt, er basert på at all transport av materiell og personell til dam og inntak må skje med helikopter. Alternativ Øvre Bredvatn 1 vil få tunnel heilt opp til vatnet, og all transport kan skje via denne tunnelen. Det vil bli bygd ny avlaupstunnel til Førdspollen like ved dagens avlaup frå Åskåra kraftverk. Tilkomsten til kraftverket vert via eksisterande tunnel til Åskåra 1 og 2.

Tunneldrifta vil resultere i 240 000 – 360 000 m³ steinmasse avhengig av valt alternativ. Det er ligg føre to alternativ for deponering av massar, fordelt på tre deponi:

- Deponialternativ 1: Alle massane vert deponert i fjorden som utviding av to eksisterande tippar, ein tipp ved dagens messebygg og ein tipp ved lagerbygget aust for Åskåra kraftverk.
- Deponialternativ 2: 50 000 m³ vert deponert på land ved massetak sør for Førde for seinare bruk til samfunnsnyttige formål, medan resten av massane vert fordelt på dei to eksisterande tippene ved messebygget og lagerbygget (som over).

Tippen på land kan nyttast som mellomlager av massar som er tenkt nytta til andre samfunnstenelege formål. Det kan verte aktuelt å nytte sjødeponia til t.d. utforming av båtplass, parkering og teltteltstasjon for til dømes brukarar av landskapsvernområdet.

Krafta vil førast i kabel gjennom ny avløpstunnel og i veg til eksisterande koplingsstasjon i Åskåra.

Produksjon og økonomi for dei to alternativa:


Tilløpsdata	Øvre Bredvatn	Nedre Bredvatn
Nedbørsfelt, km ²	29,8	33,5
Middelvassføring, m ³ /s	4,40	4,95
Stasjonsdata		
Inntak, moh.	828	787
Lengde berørt elvestrekning, km	1,1	0,9
Brutto fallhøgde, m	838	797
Maksimal slukeevne, m ³ /s	16	16
Installert effekt, MW	118	112
Reguleringsmagasin		
Magasinvolum, mill. m ³	6	4
HRV	838	797
LRV	828	787
Produksjon		
Årleg produksjon, GWh	275	291
Netto ny årleg produksjon, GWh	67	59
Utbyggingskostnad		
Utbyggingskostnad, mill. kr	479	426

Offentlege planar

Åskåra kraftverk vart sett i drift i 1970 – 1973, før Samla plan vart utarbeida. I brev frå Direktoratet for naturforvaltning datert 22.11.2012 er det gjeve fritak frå Samla plan for dei omsøkte løysingane for Bredvatn kraftverk.

Vassdraget er ikkje del av verneplan for vassdrag.

Ålfotbreen landskapsverneområde grensar til tiltaksområdet i sør.



Konsekvensar for miljø og samfunn

Det er utført konsekvensutgreiingar av planane i tråd med NVE sitt fastsette utgreiingsprogram.

Vasstand og vassføringar

Vasstanden i valgt inntaksmagasin vil variere mellom HRV og LRV. Magasinet vil typisk ligge høgt tidleg på vinteren, bli tappa ned før snøsmelting, og bli fylt opp att i snøsmelteperioden. Utover sommaren vil vatnet generelt bli liggande høgt, men ved behov og etterspurnad i kraftmarkedet vil vatnet tappast heilt eller delvis ned til LRV. Vasstrengen nedanfor valt magasin vil

bli tørr rett nedstraums dammen, og det vil sjeldan bli overlaup. Vidare nedover vasstrengen til Store Åskorvatn vil restfeltet etterkvart bidra med ei viss vassføring. Val av Øvre Bredvatn som magasin vil gje størst restfelt i dei to fossane mellom Nedre Bredvatn og Store Åskorvatn.

Landskap

Tiltaksområdet ligg i eit unikt foldefjellandskap og grensar til Ålfotbreen landskapsverneområde. Tiltaket vil i følge utgreiinga medføre at området mister sitt urørte preg, og inngrepet er vurdert å

kunne få visuelle ringverknadar for heile landskapsromet og endre opplevinga av å bevege seg i eit urørt landskap. Konsekvensen av tiltaket oppe i fjellet er vurdert å være stor, mens konsekvensane for den delen av tiltaksområdet som ligg ved fjorden er vurdert å være små.

Naturmiljø

I nordenden av både Øvre og Nedre Bredvatn er det høgstaudevegetasjon som vil bli påverka av ei eventuell neddemming. Elles er det lite vegetasjon i fjellområdet, og det er ikkje knytt verdifull fossesprutvegetasjon til nokon av fossane som vil få redusert vassføring. Omfattande helikoptertrafikk i anleggsfasen for alternativa Øvre Bredvatn 2 og Nedre Bredvatn er vurdert å være negativt for eventuelle hekkande rovfugl og for hjort i kalvingsperioden. Konsekvensane for det marine miljøet er vurdert som små, og er i hovudsak knytt til dumping av massar i anleggsperioden.

Kulturmiljø

Det er identifisert tre kulturmiljø ved Førdspollen og Ålfoten, men ingen av desse vil bli påverka av tiltaket, uavhengig av valt alternativ.

Forureining

Fare for forureining er i hovudsak knytt til anleggsperioden og konsekvensar av forureina drifts- og drensvatn frå tunneldrivinga, samt blakking av vatnet i pollen som følgje av deponering av


tunnelmassane. Alternativa Øvre Bredvatn 2 og Nedre Bredvatn vil i tillegg medføre støyureining som følgje av omfattande helikoptertrafikk i anleggsfasen. Forureiningsfaren i driftsfasen er vurdert å vere ubetydeleg.

Friluftsliv

Tiltaksområdet er del av eit friluftsområde med nasjonal verdi som omfattar Ålfotbre- og Gjegalundsbreområdet, inkludert Ålfotbreen landskapsverneområde. Området ligg høgt til fjells med utfordrande vèrtilhøve, og mange av rutene i området krev kunnskap om ferdsel på bre. Dette gjer at dei mest nytta rutene ligg utanfor sjølve influensområdet for kraftverket, og dei rutene som ligg i sjølve influensområdet er mest nytta som skiturar på vårparten. Influensområdet er dermed lite nytta i barmarkssesongen som er den perioden tiltaket vil vere synleg. Påverknaden på friluftslivet er derfor vurdert å være begrensa.

Samfunn

Tiltaket vil medføre auka sysselsetjing i anleggsfasen. I driftsfasen vil sysselsetjingseffektane vere små. Bremanger kommune vil kunne auke sine inntekter med mellom 1,6 – 1,7 mill. kr i året som følgje av auka eigedomsskatt og naturressursskatt. Auka i produksjon svarar til straumbruken til rundt 3000 – 3500 husstandar.



Nordenden av Nedre Bredvatn

Samla konsekvensvurdering

Samla konsekvens for kvart fagtema for dei ulike utgreia alternativa:

	Øvre Bredvatn 1	Øvre Bredvatn 2	Nedre Bredvatn	Deponi-alternativ 1	Deponi-alternativ 2
Sedimenttransport og erosjon	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Skred	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Landskap	Stor negativ	Stor negativ	Stor negativ	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Naturmiljø					
Vegetasjon	Liten/middels negativ	Liten/middels negativ	Liten/middels negativ	Ubetydeleg	Liten negativ
Fugl	Liten negativ	Liten negativ	Liten negativ	Ubetydeleg	Liten negativ
Pattedyr	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Ferskvassorganismer	Liten/middels negativ	Liten/middels negativ	Liten/middels negativ	Ubetydeleg	Middels negativ
Marint miljø	-	-	-	Liten negativ	Liten negativ
Kulturminne	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydelig/liten negativ
Forureining*	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Naturressursar					
Jord- og skogbruk	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Liten negativ
Beitedyr	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Ferskvassressursar	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Utmarksressursar	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Liten negativ
Masseførekomstar	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Liten negativ
Samfunn					
Næringsliv og sysselsetting	Små positive	Små positive	Små positive	-	-
Kommunaløkonomi	Små/middels positive	Små/middels positive	Små/middels positive	-	-
Sosiale forhold	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	-	-
Helsemessige forhold	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	-	-
Friluftsliv og reiseliv					
Friluftsliv	Små negative	Små negative	Små negative	Ubetydeleg	Små negative
Reiseliv	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg

Vidare saksgang

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 – meldingsfasen

Tidlegare har tiltakshavar lagt fram sine planar i ei melding, og gjort greie for kva slags konsekvensutgreiingar dei meinte var nødvendige. Meldinga blei sendt på høyring hausten 2012. Etter å ha motteke fråsegner fastsette NVE et konsekvensutgreiingsprogram.

Fase 2 – utgreiingsfasen

Konsekvensane blei i denne fasen utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane blei utvikla vidare. Fasen blei avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 – søknadsfasen


Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til NVE.

Høyring:

Søknaden blir kunngjort i pressa og lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen. Samtidig blir den sendt på høyring til sentrale, regionale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg alle som kom med fråsegn til meldinga. Søknaden med konsekvensutgreiing vil vere tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan komme med fråsegn. Denne kan du sende via nettsida www.nve.no/ vannkraft, på sida til saka, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Formålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er:

- å informere om planane
- å få grunngeve tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- å få grunngeve tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- å få eventuelle forslag til avbøtande tiltak



Utsikt frå Gråfjellstua, foto: Gunnar Bjørlykke

Ope møte:

I løpet av høringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der deltakarane vil bli orienterte om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil bli kunngjort på www.nve.no/ konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Slutthandsaming:

Etter at høringsrunden er avslutta vil NVE arrangere ei sluttsynfaring og utarbeide si tilråding i saka. Tilrådinga blir sendt til Olje og energidepartementet (OED) for slutthandsaming. Endeleg avgjerd blir tatt av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan bli lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED sette vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skadar og ulemper.

Ifølge vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevje utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekt av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg kan dei leggje saka fram for NVE. Vi anbefaler at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar sine krav, og at kravet om dekning blir avklara med tiltakshavar på førehand.



Eksisterande anlegg og tippar i Askara Kraftverk



Spørsmål om sakshandsaminga kan du rette til:

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
nve@nve.no

Kontaktperson:

Marthe Cecilie Pramli
E-post: mcpr@nve.no
Telefon: 22 95 92 23

Spørsmål til innhaldet i søknaden, konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan du rette til:

SFE Produksjon AS
Bukta, 6823 Sandane
E-post: post@sfe.no
Telefon: 57 88 47 00

Kontaktperson:

Solveig Lien Gusdal
E-post: solveig.gusdal@sfe.no
Telefon: 57 88 48 27